

Eigenmelding ved bustadsal: Buvang, Ålvundfjordvegen 189, 6622 Ålvundfjord

Einebustad: Sunndal Kommune 1563 Gnr. 112 Bnr. 9

Bygd i 1932

Kjøpt av oss 13.01.1994

Vi har budd i huset frå 1994 til i dag (2026)

Forsikring: Gjensidige. Forsikringsnummer: 20696419 : Hus, Innbo pluss

Seljar 1: Anne Marie Dahle Hovde, Ålvundfjordvegen 189, 6622 Ålvundfjord

Ny adresse: Skålavegen 963, 6456 Skåla.


E-post: buvang94@gmail.com Tlf 97792633

Seljar 2: Bjørn Hovde, Ålvundfjordvegen 189, 6622 Ålvundfjord


Ny adresse: Skålavegen 963, 6456 Skåla.


E-post: bjrnhvd@gmail.com Tlf 41432231






Plan kjellar





Buvang, Ålvundfjordvegen 189, 6622 Ålvundfjord
Plan 2. etasje



Buvang, Ålvundfjordvegen 189, 6622 Ålvundfjord
Plan 3. etasje

Det ligg meir dokumentasjon i «**Boligmappa.no**». Den som ynskjer det, kan be om tilgang.

BAD, VASKEROM

Bad i kjellar: Dette vart oppretta ca 2006. Eg gjorde sjølv alt arbeidet. Kloakkrøyra vart fornya (plast 110mm) heilt frå bakrommet til den kommunale kloakkrøyra som går rett utanfor husveggen. Avretta golvet med fall mot sluken, innstøypte pex-røyr til golvvarme, membran og flis. *Ei flis har fått ein skade*, eit hakk som ikkje fører til lekkasje. (Ny flis ligg klar til å erstatte den skadde). Baderomsplater på veggane, ny dør med luftehol nedst, avsugvifte med kanal til over tak (Taket over bislaget). Glasbyggstein i lysopning mot kjellarstova. Badet har benk med servant, dusj og WC, og ein høgskåp.

Det har av og til vore kloakkluft på badet, og det er på grunn av uttørking av vasslåsen i dusjen på grunn av lite bruk.

Vaskerom 1. etg: Dette rommet ligg rett på grunnen, altså ikkje kjellar under. Varmvasstank vart flytta frå vaskerommet til fyrrommet i kjellaren ca 2010. Elles har vi ikkje gjort noko med dette rommet. Elektriske varmekablar i golvet har slutta å verke, og vart utkobla ved el-kontrollen i 2021. I staden montert elektrisk panelomn. Rommet har servant, dusj, skyljekum og vaskemaskin. Det er også røyr gjennom veggen til tappekrane ute med stengeventil under skyljekummen. Den utvendige tappekranen er ikkje frost-sikra, så vi brukar å stenge han av om vinteren. Vi kjenner ikkje til at det kan vere lekkasje, lukt eller andre problem med vaskerommet.

WC 1. etg ved vaskerommet: Her har vi tapetsert og sett på brystpanel. Vi sette inn ein liten servant ca 2019. Radiator er knytt til varmeanlegget. Elles ingen endringar og ingen problem.

WC 1. etg. ved bislaget: Dette vart etablert i 1995 samtidig som bislaget vart bygd på og fornya. Her er det WC og servant. Vatnet kjem gjennom veggen frå vaskerommet. Avløpet går gjennom golvet til bakrommet i kjellaren. Den varme delen av kjøleromsaggregatet er her. Den reingjer vi med støvsugar to gonger i året. Nytt golvbelegg 2020: Sunndalsøra Fargehandel. Vi kjenner ikkje til problem med dette rommet.

Bad 2. etg: Dette vart etablert ca 2019. Isolasjon i himling, Isolasjon, fuktsperre og baderomsplater på veggane. Sponplater med pex-røyr og varmfordelingsplater til golv-varme. Avretting av golv med fall mot sluk og legging av golvbelegg vart utført av Sunndalsøra Fargehandel. Servant, WC med «innbygd» systerne, dusj og badekar. På grunn av lite fall er det montert «tør» sluk i dusjen, altså med ein klaff i staden for vasslås. Denne er ikkje garantert lukttett, serleg ved lite bruk. Det er bora hol nedst på døra og montert vifte på ytterveggen. Vi kjenner ikkje til lekkasjar eller andre problem med dette badet.

Vatn, avløp, røyr:

Vi er knytt til vatn og kloakk i Sunndal kommune. Det er vassmålar ved hovudkranen i fyrrommet. Denne les vi av ca 31 desember (melding frå kommunen). Og betalar pr m³ saman med andre kommunale avgifter. Ca 1996 var det tett avløp i kjellaren og det flaut kloakk opp på kjellargolvet. Dette vart dekt av Gjensidige, arbeidet gjorde eg sjølv: Nye plastrøyr 110mm frå kloakkrøyet som kjem frå WC ved vaskerommet og heilt ut gjennom veggen til den kommunale kloakkrøyra. Kloakkrøyra frå vaskerommet og WC ved vaskerommet ned til kjellaren er fortsett støypjern. Ca 2005 monterte vi fyringsanlegg for ved med vassboren varme. Det var ein del røyrarbeid i samband med dette. Dette utførte eg sjølv.

Fyringsanlegget er ein vedfyrt fyrkjel i fyrrommet. Atmos, levert av Arne Bergli As, Nordli. Oppgitt effekt er 40 Kw. Veden kan vere opp til 52 cm lang. I fyrrommet er det også tre rustfrie tankar,

tidlegare mjølketankar på til saman 3000 liter som fungerer som varmelager. Desse blir varma opp til ca 80 grader, og leverer då varme i frå to dagar til ei veke, alt etter temperatur og vindforhold. Ei fyring er ca tre ilegg, og varer ca 6-8 timar. Det er to sløyfer som leverer varme: Ei til golvvarme i heile kjellaren, hagestova og badet i 2.etg. Dette blir styrt av termostatar i kvart rom som opnar og stengjer ventilen for kvart rom. Vasstemperaturen er då fast innstilt. Den andre sløyfa er til radiatorar i veslestova, storstova, kjøkenet, WC ved vaskerommet og i 2.etg: Rom nr 201,202,203 og 204. Denne sløyfa har konstant gjennomstrøyming og vasstemperaturen blir styrt av ein termostat i storstova ved døra til kjøkenet. Fyringsanlegget fungerer godt, men **det har ein alvorleg feil:** Det er lekkasje frå ein eller fleire av dei tre akkumulatortankane. Dette gjer at vi må fylle på med vatn ved kvar fyring for å halde oppe trykket i systemet. Dette gjer vi enkelt ved å opne ein ventil til trykket er oppe på 0,5 bar. Men det er ikkje optimalt!

Vi har lagt ut vassrøyr til drivhuset, verkstaden (ute på veggen), fjøset (både ute og inne) og naustet (ute på veggen). Alt dette kan stengjast av med krane i fyrrommet. Det er ein stengjekrane inni trappa ved hjørnet av verkstaden. Denne stengjer for drivhuset og verkstaden. Det er ein stengjekrane inni sør fjøskjellaren ved golvet og sørveggen. Denne stengjer for utekranane ved sør-vestre fjøshjørne og ved naustet. Vassrøyra kryssar fylkesvegen ved nord-enden av verkstaden i eit varerøyr som også inneheld straumkabel. Vassrøyra og straumkabelen (4 mm²) ligg nokså grunt nedover marka mellom fjøset og naustet i ein liten boge mot sjøen. Vi brukar å stengje kranen i fyrrommet om hausten og opne ved naustet og drivhuset for å tømme røyra. (frostfare).

Røyrarbeidet har eg for det meste gjort sjølv. Luftinga for kloakken kjem ut over taket over vaskerommet.

Tak, takrenner, nedlaup:

Bustaden er tekt med Zanda takstein, denne er tett og i orden. I 2021 vart heile taket vaska og sprøyta for å hindre mosevekst. Dette vart utført av Nordvest Fasade AS, Skåla. (sjå boligmappa) Hagestova og bislag/vaskeom er tekt med Decra takpanner. Taket på vaskerom/bislag med takrenner vart bygd i 2024 av Kvalvik Bygg. (Sjå boligmappa). Taket på naustet er stålplater. Fjøset har aluminiumsplater. Utedøet ved sjøen har ståltak. Gapahuken har torvtak med vorteplast. Det er ikkje gjort «etter boka», og det er litt lekkasje. Uthuset har ståltak og gode takrenner.

Taket på verkstaden skifta eg i 2025. Bølgeplater av aluminium vart skifta mot nye stålplater samstundes som framkanten av taket vart løfta ca 1m for å auke takvinkelen frå 4 til 10 grader. Nye takrenner.

Takrennene må som vanleg reinskast av og til. Dette går stort sett greit, men nedlaupet på nordvestre hjørne ved postkassa, der er det høgt! Lang stige og gode nervar må til. Vi kjenner ikkje til at det er lekkasjar eller problem med takrennene korkje på bustaden eller uthusa. Naustet har ikkje takrenner, og ikkje nedsida av fjøset.

Ny takstige til pipa monterte eg i 2021. Den er levert av Brødrene Midthaug, Kleive. (sjå boligmappa)

Mur/piper/eldstad/skeivt?

Det er to piper i bustaden. Den nordre er ikkje i bruk, og dekt av ei tung jernplate på toppen. Denne pipa står på golvet i 1. etg. «Veslestova». Det var pipebrann ca 2000. Gjensidige dekte då renovering av pipa: Innsetting av kjeramisk innerpipe. Sidan har vi montert «tak» på pipa, ei aluminiumsplate som er skrudd fast og kan fjernast ved feing. Pipa og omnane har vore kontrollert og godkjent regelmessig. Vi monterte vedfyrte fyrkjel i 2005, (sjå vatn/avløp/røyr). Dersom denne blir brukt feil, kan det komme røyk i stova og utelufta. Fyrkjelen har røykvifte, og denne bør startast før ein tenner opp, for å få fart på lufta i pipa. Så må ein legge i berre 1/4 fullt med ved og god opptenningsflis ved første ilegg. Kjeramikken i fyrkjelen er skifta eit par gonger. Det ligg ein

reserve under den raude trykkakkumulatortanken.

Vedovn i stova: Denne er frå ca 1996, og fungerer godt.

Vedovn i verkstaden: Denne har stålpipeline og var i si tid godkjent av brannsjefen i Sunndal. Men omnen er gamal og møter ikkje moderne krav.

Det kan nok finnast små sprekker i muren på bustaden, den er frå 1932! Det var store vindaugo i kjellaren då vi tok over (butikk). Vi bytta til nye, mindre vindaugo og støypte att resten av hola. Vi har ikkje registrert at det er noko av huset som rører på seg, eller at golva er skeive.

Terassar/fasade/vindaugo/garasje

Det er ei lang trapp og ein overbygd terrasse framom hovudinngangen mot nord. Taket har gamal papptekking, men er fortsatt tett. Trappa og terrassen har skiferheller. Det gror i sprekkene.

Det er ein platt utom bislagdøra. Den er sprukken.

Det er ein liten betongplatt i hjørnet mellom kjøkenet og hagestova. Den ligg på grunnen og har ingen feil.

Trappa frå hagestova og ned til vegen har ein avsats. Det er skiferheller på trappene og avsatsen.

Hella på nedste trinnet er sprukken og laus.

Framom kjellarinngangen er det skråplan (rampe) og trapp med to trinn. Her er det også skifer.

Trappa og avsatsen framom kjellarlageret er oppsmuldra, men farbar.

Vi har bygd ein platting (ca 2020) ved nordveggen av snekkarbua. Denne er fundamentert på betongsøyler og bygd med Møre Royal terrassebord.

Terrassen (rampen) framom snekkarbua er av tre og er slitt og utett.

Kaia ved sjøen har betongdekke frå ca 2000. Dette er delvis slitt av ver og vind.

Flytebrygga er bygd av aluminiumsprofilar og dekke av Møre Royal terrassebord. Den flyt på klossar av XPS som er kledd med Fiberduk og Mapelastisementmørtel. Den er forankra i to store steinar, ein mot nord og ein mot sør. Vi tek opp flytebrygga om vinteren på grunn av fare for is på fjorden.

Fasade: Det er eternittplater på det meste av veggane. Under eternitten er det liggande bordkledning. Under bordkledninga ligg det 1 toms fjøler skrådd i ca 45 grader rundt heile huset. Huset er såleis svært stivt og solid. Bak skråborda er det reisverk, og så innvendig kledning av ymse slag i dei forskjellige romma. Der det ikkje er eternitt er huset kledd med liggande bordkledning og måla med desse fargane: Vegg: Gjøco oljedekkbais, gråmynte, kode 1222/2502-Y Staffasje: Gjøco oljedekkbais, Villvin, kode 0042/5239-Y86R .

Førre eigar fortalte at huset har vore etterisolert. Stova og kjøkenet er rimeleg lune, men Veslestova er merkbart kaldare enn dei andre romma. Hagestova er nyrenovert.

I 2021 skifta eg bordkledning på nordaustre hjørnet av bustaden på grunn av råteskade. (Feil på takrenna). Då måla eg også heile austsida av huset, området rundt hovudinngangen og overbygget ved hovudinngangen. Takvatnet på austsida av huset blir no ført i røyr til skråninga nord for huset. Uthuset er kledd med loddrette fjøler kant i kant. Verkstaden er kledd med ståande vekselpanel. Baksida av verkstaden har alvorleg rådeskade. (dårlege takrenner i mange år). Nedre del av veggane er dekt med gamle aluminiumsplater. (frå det gamle taket). Resten av verkstaden vart måla i sommar, 2025 i samband med løfting og fornying av taket for å auke takvinkelen. Fjøset vart også måla sommaren 2025. Den har liggande bordkledning i 1. etg. (+isolasjon) og loddrette fjøler kant i kant på låven. Naustet har loddrette fjøler kant i kant. Det er beisa med brun oljedekkbais. Gapahuken har loddrett villmarkspanel og same beis som naustet.

Ca 2008 monterte eg nye **vindaugo** i heile bustaden, unntatt i bislag og vaskerom 1.etg. og hagestova. Alle desse kan opnast og vendast for vask. Dei to vindauga i 3.etg. er litt for høge for hengslesystemet. Dette har ført til ein **skade på hengslene på vindaug i 302**. (Vindaug mot sør). Det er generelt ein fordel å vere to når ein skal vende vindauga for vask. Fasaden, vindauga og

dørene til hagestova vart fornya i samband med fullrenovering av hagestova i 2020. (Kvalvik bygg). Ytterdøra og vindauga til bislaget var nye då vi bygde bislag, WC og kjølerom i 1995. **Den døra har svelgt ut litt i nerkant.**

Vindauga i uthuset og verkstaden er gamle og dårlege. Vindauga i fjøset er frå då fjøset vart bygd ca 2000. Det er fjøsvindauga av tre som blir opna innover. Dei er ikkje rotne, men ber preg av alderen.

Kjellar/underetasje/krypkjellar/loft

Det har av og til vore litt fukt ved foten av kjellartrappa. Ca 1998 grov vi 1,5 meter ned på baksida av huset der det ikkje er fjell og drenerte ut mot skråninga i nord. Seinare har vi ført bort takvatnet, også nordover mot skråninga. Men vi kan ikkje vere trygge på at det ikkje kan komme fukt igjen, til dømes ved mykje nedbør. Huset står på fjell og murane er gamle. Det var også fukt på bakveggen der det no er «bakrom» og fyrrom. Dette er stort sett eliminert med grunnmurplast på innsida og open singelfylling mot grunnen i bakrommet. Dette har eg gjort sjølv.

I naustet sig det inn vatn på golvet av og til når det er mykje vatn i jorda. Golvet har god halling not sjøen, så vatnet blir ikkje ståande.

Fjøskjellaren er bra tør til å vere kjellar. Men potetlageret er akkurat passe fuktig og kjølig for lagring av potet og grønsaker.

Vi har ikkje gjort endringar på loftet i bustaden. Men på verkstaden har vi laga «loft» då vi lyfta taket (sjå «tak/takrenner/nedlaup» og boligmappa). Dette loftet vart eit ypparleg materiallager med luker på sørveggen og vestveggen. Her er det god tørk.

Elektrisk anlegg

Det blir stadig gjort endringar på det elektriske anlegget.

Det er mellom anna bytta frå lysrøyr til LED-lys i kjellarlageret, fyrrommet, kjellargangen, kjøkenet WC ved bislaget, hovudinngangen, badet i 2. etg, vaskerommet, verkstaden, fjøskjellaren, fjøset, naustet.

Det er kontaktar for 3-fas i både verkstaden, fjøset og naustet.

Det meste av dette gjorde eg sjølv.

I 2020 var det ein omfattande el-kontroll og oppgradering utført av Tingvoll Elektro AS (sjå boligmappa). Då la vi mellom anna eiga jording til verkstaden og fjøset. Samsvarserklæring er datert 04.06.2021. (Ligg i boligmappa)

Installasjonar, oppvarming/ventilasjon osb.

Alvorleg feil med sentralfyr: sjå avsnittet om «Vatn/avløp/røyr.»

Elles har vi ikkje sett feil eller lekkasjar med radiatorar eller andre installasjonar. Vi har ikkje varmpumpe eller balansert ventilasjonsanlegg.

Kjølerommet vart bygd i 1995 då vi bygde bislaget. Det var då splittaggregat med varm del i kjellaren. Ca 2002 vart dette bytta med nytt kjøleaggregat som gjev varme til WC ved bislaget. Det er viktig at døra til WC står open når det er ledig, for å sleppe ut varmen frå kjøleaggregatet. Den varme delen av kjøleaggregatet skal støvsugast to gonger i året.

Sentralstøvsugar monterte vi ca 1998. Sugemaskina (Foma frå Byggmakker Tredal) heng i fyrrommet, og det er uttak i kjellar og alle etasjar. Vi kjøpte ny sugemaskin for ca 1 år sidan. Utlufta kjem ut i hjørnet mellom kjøkenet og hagestova. Vi byttar pose ca to gonger i året, til dømes samtidig med at vi reingjer kjøleaggregatet.

Mellom 2. og 3. etasje er det luke med elektrisk vinsj (2025).

Bak verkstaden er det luftkompressor med tre uttak i verkstaden.

I taket på verkstaden er det trykkluftkran som glir på ein H-bjelke på tvers av rommet.

Trykkluftkрана er gamal og utett, men fungerer, til dømes til å lyfte ut ein motor.

På låven er det elektrisk kran (100 kg) som heng i skinne over fôrlageret og låvegolv. I hjørnet mellom vaskerommet og husveggen er ladeplassen for robotklipparen, Automower 420 frå Husqvarna. Den er ca 5-6 år gamal, men fungerer fortsett, sjølv om han ***går seg fast av og til***. Han dekkjer frukthagen og plenene rundt huset. Det var ein gong nedgravd bensintank på eigedommen fordi det var bensinstasjon! Denne vart fjerna før vi overtok. Elles er det ingen nedgravde tankar.

Utleigedel/offentlege godkjenningar:

Bustaden har for tida ingen utleigedel, men det kan for framtida vere aktuelt å lage ein liten eigen bustad i kjellaren. Det er nemleg lagt opp vatn og avløp som ligg gøymt under golvet i kjellarstova (midt på sørveggen) og kan brukast til «kjøkenkrok».

Heile kjellaren var bygd som butikk. I 2005-2006 renoverte vi heile kjellaren unntatt trappegangen: Isolasjon og varmerøyr i golva, parkett på stova, flis i gangen og på badet, golvbelegg på kontoret. Vi delte inn til den rominndelinga som er i dag. Vi la plater og måling på veggene i stova, gangen og kontoret, badersplater på badet, lecastein mot bakrommet og fyrrommet, nye vindauge og ny ytterdør og innedører. Fyrrommet er bygd med branndør og brannsikre gjennomføringar. Vi har ikkje søkt om bruksendring. Varmerøyra frå fyrrommet til radiatorane oppe går gjennom bakrommet og vidare inni skiljeveggen mellom kjellarstova og gangen. Dette er 18mm koparrøyr. Dei la eg direkte i hakk i reisverket, utan polstring. Dette gjer at det kan komme ***knetting frå røyra*** når dei endrar lengde ved brå temperaturendring i vatnet.

Skadedyr/sopp/mugg

Då vi flytta hit i 1994 var det eit tilfelle av sukkermaur som vandra inn og ut av stova. Dette vart heldigvis borte nokså fort. Vi ser av og til eit enkelt skjeggkre på golvet på WC ved bislaget. I kjøkenskåpen under vasken har vi musefelle. Det kan bli ein fangst på 3-4 mus i løpet av hausten: september til november. Dei kjem truleg opp frå bakrommet i kjellaren. Vi har prøva å tette, men har ikkje lukkast heilt.

Ved foten av kjellartrappa har det av og til vore litt fukt, og derav litt mugg.

Radonmåling er gjort januar - mars 2026.

Anna arbeid ved bustaden/skaderapportar/tilstandsvurderingar/arealmålingar:

Vi har måla veggane, isolert taket og lagt takplater i alle romma i 2. etg. unntatt gangen og 205. På 202 er det brukt panel i staden for plater. 302 er pussa opp på same måte.

Vi har ingen eldre skaderapportar eller tilstandsvurderingar.

Eg har sjølv målt opp romma i husa, sjå planteikningar. Modellar ligg opent tilgjengeleg i Onshape.com (be meg om tilgang), og teikningar også i boligmappa.

Planer og offentlege godkjenningar

Vi har ingen bruskløyve eller ferdigattestar.

For teigen nedom vegen kjenner vi ingen reguleringsplaner.

For teigen ovanfor vegen gjeld Sunndal kommune si reguleringsplan 19760900

«Handlarstuhamrane». Denne legg avgrensingar for eventuell nybygging på området. Bygging blir forøvrig også hindra av regelen om 100 meter avstand frå sjøen og 50 meter avstand frå fylkesvegen. Trass i dette har eg fått dispensasjon for å bygge «slyngerom» som tilbygg til fjøset. Sjå «hendelse» i boligmappa. Dette tiltaket er under arbeid no.

I fylgje grunnboka er det fleire hefte på eigedommen. Dei som er verd å nemne er:

- 1) 1973/1887-1/61: Erklæring/avtale med Ålvundfjord vassverk. Det ligg både hovudvassleidning og kloakkleidning over eigedommen. Kart er tilgjengeleg hos kommunen. Hovudvassleidningen vart fornya ca 2017, så det blir truleg ikkje graving med det første.

- 2) 1979/7221-1/61: Bestemmelse om veg. Dette gjeld gangvegen frå sør-vestre hjørne av verkstaden og opp til Jostuvegen. Ein liten bit av denne veggen (2-3 meter) går over eigedomen vår. Difor kan vi ikkje sette potet der.

Andre relevante opplysningar

Vi har ingen ugreie naboar eller andre forhold som er til ulempe. Tvert imot har vi mange gode vener i nabolaget. På nabogarden mot sør (112/5) og nabogarden mot nord (112/12) har vi hausta graset og beita med geiter i mange år.

På teigen 112/11 har vi også beita. Her bur det ikkje folk. Ho som eig denne er sjeldan å sjå, men ho har ein onkel som kjem av og til for ein fisketur og ein triveleg prat.

Den lange stigen som heng på uthusveggen er ok. Dei to korte stigane har sett sine beste dagar. Avstand til butikken: 450 meter. Til skulen: 1 km. Til samfunnshuset: 2 km. Til fotballhall, idrettsanlegg, småbåthamn: 1 km.

Fylkesveg 670 går 3 meter frå husveggen. Det tyder lite snømåking, men vi måtte lære borna å passe seg for bilar! Det er 5 min til fergekaia på Røkkum. I 2024 reiste det 174601 store og små bilar med den ferja, altså 478 pr dag. Dette er omtrent så mange som kjem forbi Buvang. Vi opplever ikkje mykje leven av trafikken, for golvnivået i bustaden er høgare enn taket på bilane. Dersom «Todalsfjordprosjektet» blir realisert, blir ferga nedlagt og veggen lagt om. Då vil trafikken ved Buvang minke til ein brøkdell.

Hage, marker, uteliv

Nord aust for huset har vi planta ein frukthage. Denne har ofte gjeve gode avlingar. Trea tek til å bli gamle, men med godt stell vil dei fortsette å bere. «Fjellhagen» endå lenger mot nord aust har «potensiale» til endå meir dyrking. Her veks det *parkslirekne*, eit forhatt ugras som vi har ein del av, også nedom veggen. Den veks kjempefort og blir over to meter høg om ein ikkje tuktar den. Den overlever ikkje i enga eller plena om ein slår graset eit par gonger om sommaren. Vi har ikkje brukt handelsgjødsel eller sprøytemiddel, korkje på frukt, bær, grønnsaker eller eng. I øvre del av hagen, rett aust for bustaden er det bærbusker: raud og kvit rips, solbær og stikkelsbær. Her er det også kompostbingar, men den største komposten er nedom fjøset, med geitetalle, sagmask og treflis. Då vi tok over var det eit skogholt i sør rett nedom veggen. Dette vart fylt over med fyllmasse frå Røkkum då dei bygde ny ferjekai i 1996 og laga gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. Derav kjem haugen mellom bekken og fjøset. Det var då vi reiv det gamle fjøset som stod der gang- og sykkelvegen går no, og bygde nytt fjøs.

Ved sjøen er det bål plass og svaberg, og plen på begge sider av naustet. Området ovanfor svaberga var «våtmark» då vi tok over. Her har vi drenert og laga eit system av kummar og drenerøyr. Det sig ureint vatn frå den oppfylte bakken, difor går drenerøyra tette av og til. Det er serleg i kummen ved sør-austre hjørne av naustet at det må stakast opp fleire gonger i året, serleg nedover mot sjøen. Det går fint å bruke hageslangen ved naustet til dette.

Ålvundfjord januar 2026

Bjørn Hovde